



**Statens vegvesen**

Norconsult AS – Bergen  
Postboks 1199  
5811 BERGEN

Ingrid Finne Klynderud

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Ingelin Garen / 55516345 20/61112-3 23.06.2020

## **Uttale til ny høyring av planprogram for kommunedelplan for Sambandet vest**

Sambandet Vest er eit interkommunalt fylkesvegprosjekt. Føremålet med kommunedelplanen er å velje trasé for nytt vegsamband mellom Askøy og Alver kommune. Sambandet vest er ikkje løyva midlar eller gjeve prioritert i gjeldande regional eller nasjonal transportplan.

Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet og avklare rammer og premiss for arbeidet. Det skal gje oversikt over kva alternativ som skal utgreiaast, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva utgreiinger som må utførast for å klargjere vesentlege verknader av ny fylkesveg. Planprogrammet skal også presentere opplegg for informasjon og medverknad frå innbyggjarar og interesserantar.

Planprogrammet blei lagt ut første gong til offentleg ettersyn sommaren 2019 av kommunane Askøy, Meland, Radøy og Lindås. Etter dette er kommunane Meland, Radøy og Lindås slått saman til Alver kommune. På grunn av formell feil ved utsending av planprogrammet i 2019 er planprogrammet med tilhøyrande silingsrapport sendt ut på ny høyring. Planprogrammet og silingsrapporten er uendra.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen har delteke som observatør i arbeidsgruppa som har utarbeida planprogrammet og kjenner i grove trekk til prosjektet og innhaldet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## **Uttale**

### **Nullvekstmålet, samordna transport- og arealutvikling**

Nullvekstmålet vart lagt til grunn av Stortinget i Klimaforliket i 2012, og inneberer at veksten i persontransporten i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Målet er deretter lagt til grunn i Nasjonal transportplan 2014–2023 og 2018–2029.

Det er forventa at prosjektet Sambandet vest vil gje både omfordelt og nyskapt trafikk. Mogelege tiltak for at noko av denne trafikken kan nytte andre transportformer bør kome fram i planframlegget.

Jfr. pkt. 5.4 i planprogrammet skal Sambandet vest etablerast med langsgåande gang- og sykkeltilbod, anten som gang og sykkelveg langs vegen, eller ved tiltak langs sekundærvegnett eller andre løysingar. Brukryssingane over Herdlefjorden og Radfjorden/Bognøystraumen skal planleggast med attraktive løysingar for gående og syklende. Statens vegvesen vurderer dette som eit viktig tiltak i arbeidet med å leggje til rette for miljøvennlege transportformer. I tillegg bør mogelege restriktive tiltak for å avgrense auke i personbiltrafikken som følgje av prosjektet synleggjerast i kommunedelplanarbeidet.

Som tidlegare påpeikt bør ein i det vidare arbeidet vurdere å endre effektmål 4 som er knytt til kollektiv- og gang-/sykkeltilbod. Målet bør vere tydelegare utforma med eit klart krav om at prosjektet skal redusere reisetida også for gående, syklende og kollektivreisande mellom eksisterande og planlagde nærings-, bustad- og sentrumsområde på aksen Askøy , Holsnøy og Nordhordland.

### **Silingsrapport**

Silingsrapporten gjev ei grundig framstilling av utfordringar og mogelege løysingar knytt til transportsystemet i analyseområdet. I hovudsak meiner vi siling og endeleg utval av traséar viser gode og prinsipielt alternative løysingar. Men vi meiner at det er fortidleg i prosessen til å forkaste alternativ Cc, som truleg har høgst nytte av alternativa. Sjølv om alternativet er kostbart er det interessant å sjå kva nytte EFFEKT-berekningar av dette alternativet kan gje. Vi rår difor til at dette alternativet vert vurdert og utgreidd på lik line med dei andre gjenståande alternativa.

### **Vegstandard og tilstøytane fylkesvegnett**

Vurdert ut frå vårt overordna sektoransvar knytt til trafikktryggleik peiker Statens vegvesen på at vegstandard på eksisterande fylkesvegar både i Alver og Askøy kommunar til dels har gjennomgåande dårleg standard. Vegane er smale, har krapp kurvatur, stadvis dårleg berevne, manglar rekksverk og har mykje avkjørsler. Mange stader er det ikkje etablert tilbod til mjuke trafikantar.

Sambandet Vest må forventast å påføre fleire av desse vegane mykje trafikk, anten nyskapt eller omfordelt frå andre vegar. På eksisterande vegar kan ein få problem med framkome og trafikktryggleik. Trafikkberekingar må vise endring i trafikkmengda på fylkesvegar i ein større samanheng enn avgrensa til analyseområdet i planprogrammet. For vegar der trafikkauken blir vesentleg må det pårekna rekkefølgjekrav knytt til utbetring i samband med etablering av Sambandet vest.

Transport vest, Transportforvaltning 3  
Med helsing

Sindre Lillebø  
sekjonssjef

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN